



# Bacheloroppgave

**IDR600 Sport Management**

**Idrettsråd - rolle, funksjon og legitimitet**

**Vegard Agledal Rangsæter**

Totalt antall sider inkludert forside: 31

Molde, 22.05.2015



## Obligatorisk egenerklæring/gruppeerklæring

Den enkelte student er selv ansvarlig for å sette seg inn i hva som er lovlige hjelpemidler, retningslinjer for bruk av disse og regler om kildebruk. Erklæringen skal bevisstgjøre studentene på deres ansvar og hvilke konsekvenser fusk kan medføre. Manglende erklæring fritar ikke studentene fra sitt ansvar.

Du/ dere fyller ut erklæringen ved å klikke i ruten til høyre for den enkelte del 1-6:		
1.	Jeg/vi erklærer herved at min/vår besvarelse er mitt/vårt eget arbeid, og at jeg/vi ikke har brukt andre kilder eller har mottatt annen hjelp enn det som er nevnt i besvarelsen.	<input checked="" type="checkbox"/>
2.	Jeg/vi erklærer videre at denne besvarelsen: <ul style="list-style-type: none"><li>• ikke har vært brukt til annen eksamen ved annen avdeling/universitet/høgskole innenlands eller utenlands.</li><li>• ikke refererer til andres arbeid uten at det er oppgitt.</li><li>• ikke refererer til eget tidligere arbeid uten at det er oppgitt.</li><li>• har alle referansene oppgitt i litteraturlisten.</li><li>• ikke er en kopi, duplikat eller avskrift av andres arbeid eller besvarelse.</li></ul>	<input checked="" type="checkbox"/>
3.	Jeg/vi er kjent med at brudd på ovennevnte er å <u>betrakte som fusk</u> og kan medføre annullering av eksamen og utestengelse fra universiteter og høgskoler i Norge, jf. <a href="#">Universitets- og høgskoleloven</a> §§4-7 og 4-8 og <a href="#">Forskrift om eksamen</a> §§14 og 15.	<input checked="" type="checkbox"/>
4.	Jeg/vi er kjent med at alle innleverte oppgaver kan bli plagiatkontrollert i Ephorus, se <a href="#">Retningslinjer for elektronisk innlevering og publisering av studiepoenggivende studentoppgaver</a>	<input checked="" type="checkbox"/>
5.	Jeg/vi er kjent med at høgskolen vil behandle alle saker hvor det forligger mistanke om fusk etter høgskolens <a href="#">retningslinjer for behandling av saker om fusk</a>	<input checked="" type="checkbox"/>
6.	Jeg/vi har satt oss inn i regler og retningslinjer i bruk av <a href="#">kilder og referanser på biblioteket sine nettsider</a>	<input checked="" type="checkbox"/>

# Publiseringsavtale

Studiepoeng: 15

Veileder: Oskar Solenes

## Fullmakt til elektronisk publisering av oppgaven

Forfatter(ne) har opphavsrett til oppgaven. Det betyr blant annet enerett til å gjøre verket tilgjengelig for allmennheten (Åndsverkloven, §2).

Alle oppgaver som fyller kriteriene vil bli registrert og publisert i Brage HiM med forfatter(ne)s godkjenning.

Oppgaver som er unntatt offentlighet eller båndlagt vil ikke bli publisert.

Jeg/vi gir herved Høgskolen i Molde en vederlagsfri rett til å gjøre oppgaven tilgjengelig for elektronisk publisering:

ja  nei

Er oppgaven båndlagt (konfidensiell)?

ja  nei

(Båndleggingsavtale må fylles ut)

- Hvis ja:

Kan oppgaven publiseres når båndleggingsperioden er over?

ja  nei

Er oppgaven unntatt offentlighet?

ja  nei

(inneholder taushetsbelagt informasjon. Jfr. Offl. §13/Fvl. §13)

Dato: 22.05.2015

**Antall ord: 7839**

## **Forord**

Denne oppgåva markerar slutten på eit tre års langt eventyr, som studiet Sport Management har vert. Stor takk til medstudentar, forelesarar, venner, bekjente og familie for dette!

Eg har vert så heldig å vere utplassert hjå Møre og Romsdal idrettskrets dette siste semesteret. Ein stor takk sendast til alle der, de er fantastiske alle som ein: Siri Ask Fredriksen, Rune Sjøholm, Ellen Cathrine Hammer, Geir Moholt, Grete Opheim og Karsten Ølstad! Eg har lært mykje som eg absolutt skal ta med meg vidare.

Oskar Solenes, som har vert vegleiaren min i høve bacheloroppgåva fortentar også ein takk for god vegleing. Du har vert ein ressurs, og takket vere dine krav og tidsfristar har vi klart å komme i mål.

Til sist men slettes ikkje minst vil eg takke romkamerat Andreas Solibakke for å ha lest gjennom og retta språket i oppgåva mi fleire gongar.

## **Samandrag**

**Introduksjon:** Idrettsrådet er eit organisasjonsledd i NIF det er forska relativt lite på. Difor er meininga med denne oppgåva å prøve å fylle noko av dette gapet, gjennom å sjå på kva rolle, funksjon og legitimitet idrettsrådet har i ei kommune.

**Teori:** Idrettsrådet sin rolle, funksjon og legitimitet blir analysert med bruk av institusjonell teori.

**Metode:** Ein har brukt ein kvalitativ metode for å få svar på spørsmåla. Oppgåva består av ei casekommune der ein har brukt det opne individuelle intervjuet samt observasjon for å samle inn data.

**Resultat, diskusjon og konklusjon:** Mine funn angåande rolle og funksjon samsvarar med det Enjolras, Seippel og Waldahl (2012), og Waldahl (2009) har kome fram til tidligare. Vidare viser funna mine at idrettsrådet blir sett på som svært legitime av kommunen og idrettskretsen, medan det derimot kan tyde på at idrettslaga ikkje ser på idrettsrådet som like legitimt.

**Nøkkelord:** idrettsfeltet lokalt; idrettsråd; rolle og funksjon; institusjonell teori; legitimitet

## Innholdsliste:

<b>1.0</b>	<b>Introduksjon</b> .....	<b>1</b>
1.1	Bakgrunn .....	1
1.2	Tidlegare forskning .....	4
<b>2.0</b>	<b>Teori</b> .....	<b>5</b>
<b>3.0</b>	<b>Metode</b> .....	<b>8</b>
3.1	Metodisk tilnærming .....	8
3.2	Data innsamling.....	9
3.3	Analyse .....	10
3.4	Validitet, reliabilitet og feilkjelder .....	11
3.5	Etikk .....	12
<b>4.0</b>	<b>Resultat</b> .....	<b>12</b>
4.1	Idrettsrådet sine roller og funksjonar.....	12
4.2	Idrettsrådet sin legitimitet.....	16
<b>5.0</b>	<b>Diskusjon og konklusjon</b> .....	<b>18</b>
5.1	Vidare forskning .....	20
<b>6.0</b>	<b>Kjeldeliste</b> .....	<b>21</b>
<b>7.0</b>	<b>Vedlegg</b> .....	<b>23</b>
7.1	Intervjuguide: .....	23
7.1.1	Idrettsråd: .....	23
7.1.2	Kommunen:.....	24
7.1.3	Idrettskrets:.....	25
7.1.4	Idrettslag:.....	25

## 1.0 Introduksjon

Idrettsråd - sterke saker! Dette slo idrettsrådskonferansen i Molde 2009 fast (NIF, a). Det var òg overskrifta på strategiplan 2008 – 2012 for Norges Idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (heretter berre kalla NIF). Her blir det påpeika at idrettsrådet er idretten sitt viktigaste idrettspolitiske organ (NIF, a). Det er 366 idrettsråd kring om i Noreg i dag (NIF, b). I 2001 blei den første nasjonale strategiplanen for å styrke desse idrettsråda vedtatt av idrettsstyret (Waldahl, 2009).

Idrettsrådet er NIF sitt idrettspolitiske organ på eit kommunalt plan, i følgje NIF si lov § 8-1 (1) skal det vere eit idrettsråd i alle kommunar med meir enn tre idrettslag. I rolla som bindeledd mellom idretten og det kommunale (Waldahl, 2009) er rådet i ein skvis mellom det å vere eit organ for idretten og kommunen. Kva skal idrettsråda gjer, kven er det viktigast å gjer fornøgd – idretten eller kommunen? Korleis skal ein jobbe og er ein legitime?

Denne oppgåva skal ta for seg det Waldahl (2009) kallar idrettsfeltet lokalt. Dette består av idrettslaga, idrettsrådet og kommunen. I denne oppgåva vil eg òg dra inn idrettskretsen for å få eit innblikk i deira syn og forhold til idrettsråd. Oppgåva vil bestå av ein case, der eg tar for meg ei kommune, idrettsrådet i den kommunen og utvalte idrettslag i denne kommunen. Eg vil sjå på korleis idrettsrådet fungerer, kva ein gjer, korleis ein arbeidar internt òg eksternt, og kva legitimitet ein har. Det er viktig å få fram korleis dei andre i det lokale idrettsfeltet ser på idrettsrådet.

Dette førar til at eg har følgjande problemstilling: «*Kva rolle, funksjon og legitimitet har idrettsråd?*»

### 1.1 Bakgrunn

NIF er den samlande paraplyorganisasjonen for all organisert idrett i Noreg.


NIF er en frivillig, partipolitisk nøytral og uavhengig organisasjon.. NIF skal arbeide for at alle mennesker gis mulighet til å utøve idrett ut fra sine ønsker og behov, og uten å bli diskriminert på grunn av livssyn, seksuell orientering eller etnisk opprinnelse.

Organisasjonens arbeid skal preges av frivillighet, demokrati, lojalitet og likeverd. All

idrettslig aktivitet skal bygge på grunnverdier som idretts glede fellesskap, helse og ærlighet (NIFs lov, § 1-1, og 1-2, 2011).

I 2013 var det 11 595 registrerte idrettslag og nesten 2,2 millionar medlemskap (NIF, b). Nesten ein tredel av den norske befolkninga er medlem i NIF. Enjolras, Seippel & Waldahl (2012) hevdar at NIF er den største friviljuge organisasjonen, og den største barne- og ungdomsorganisasjonen i Noreg, med kraftig vekst i medlemskap sidan 1960 åra (Enjolras et al., 2012)

I følge Enjolras et al. (2012) vil enkelte hevde at NIF sitt organisasjonskart blir framstilt litt vel byråkratisk, og for avansert. Det er likevel eit godt hjelpemiddel for å forstå korleis NIF er organisert. Som ein ser i organisasjonskartet til høgre, henta frå Waldahl (2009), er organisasjonsstrukturen organisert i to linjer; ei særforbundslinje, som har det idrettsfaglege ansvaret, og ei NIF-linje, som har ei idrettspolitisk og strategisk rolle i eit samfunnsperspektiv.



Under idrettskrets, i NIF linja, finner ein idrettsråd, som denne oppgåva skal ta for seg. Eit idrettsråd er ifølge Enjolras et al. (2012) idrettsforbundet sitt lokale ledd. Det vil sei organisasjonsleddet på kommunalt nivå, og består av alle idrettslaga i kommunen. Mellom årsmøtet er det i følge Waldahl (2009) styret som er idrettsrådet sin høgaste myndigheit. Styret skal enten bestå av alle idrettslaga i kommunen, eller eit utval av desse. Å vere i styret i eit idrettsråd er eit friviljug verv, i likskap med å vere i styret i eit idrettslag.



Idrettsrådet sine oppgaver er å arbeide for best mulig forhold for idretten i kommunen, dette skal ein oppnå gjennom å vere ein arena for samarbeid mellom laga, mellom laga og kommunen, og mellom laga og idrettskretsen (Enjolras et al., 2012). Idrettsrådet skal:

- styrke idrettens rolle og rammevilkår i lokalsamfunnet, - foreta prioriteringer på vegne av idrettslagene, - dokumentere og synleggjøre idrettens lokale omfang samt utvikle lokale idrettspolitiske handlingsprogram, - være en møteplass og utviklingsarena i skjæringspunktet mellom offentlig og frivillig virke (NIFs lov, 2011, §8-2 (2)).

Ei viktig oppgåve for idrettsråda er fordeling av lokale aktivitetsmiddel, ofte berre kalla for LAM. Dette er ei grunnstøtte til medlemsbaserte lag og foreiningar. LAM midla skal bidra til auka aktivitet, deltaking og friviljug innsats (NIF, c).

Enjolras et al. (2012) hevdar at idrettsråda er tildelt tre ulike roller av idrettsforbundet; ein skal vere eit samordningsorgan, ein skal vere eit interesseorgan og ein skal vere eit serviceorgan. Som serviceorgan er det idrettsrådet si oppgåve å ivareta idrettslaga og vegleie dei ved behov. Som samordningsorgan skal ein vere ein arena for open diskusjon, der det skapast ei felles meining og interesse. For at idrettsråda skal fungere som eit interesseorgan er ein avhengig av at idrettslaga har ei felles meining, då ein som eit interesseorgan talar idretten si sak for omverda. I Waldahl (2009) sin rapport, om samspelet mellom idretten og kommunen, kom det fram at idrettsråda òg fungerer som implementeringsorgan. Denne funksjonen er ikkje definert gjennom NIF si lov (2011), men er ein funksjon ho hevdar idrettsråda likevel har. Som implementeringsorgan utfører ein oppgåver på vegne av kommunen. Dette kan vere oppgåver som går ut på å fordele kommunale tilskot, fordele treningstider i kommunale anlegg og liknande.

Dei første idrettsråda blei oppretta allereie i slutten av 1940-åra då det i enkelte kommunar blei oppretta felles utval som skulle koordinere idrettslaga sine planar og ynskjer, og fremje desse overfor kommunen. I 1967 foreslo NIF at det skulle opprettast eit fast ledd, Idrettens Kontaktutvalg (IKU). Dette leddet blei lovfesta som nytt organisasjonsledd i 1971 (NIF, d).

I følge NIF og deira historikk om idrettsråd (NIF, d) blei dei første retningslinjene for IKU fastsatt av idrettstyret i 1972. «Lovnorm for kontaktutvalg» blei vedtatt i 1978 før dei blei ajourført ni år seinare i 1987. I 1994 blei namnet endra til det vi kjenner det som i dag,

idrettsråd. I 1998 blei den fyrste nasjonale idrettsrådskonferansen halden i regi av Kontaktvalget for Idrettsråd (KuRIR) og Fredrikstad Idrettsråd. Året seinare i 1999 blei det ein betydelig oppjustering i idrettsrådet sin posisjon og status. Særleg i vedtaka om å styrke idretten si rolle i samfunnet og å styrkje idrettslaga sine aktivitetstilbod og rammevilkår hevdar Waldahl (2009) at det blei lagt vekt på at ein trengte eit sterkt organ lokalt.

Som tidligare nemnt har idrettsråda ansvaret for å fordele lokale aktivitetsmiddlar, dette ansvaret fekk dei, i følgje Waldahl (2009), i 2000 som eit resultat av stortinget sitt vedtak om at innanfor områda kultur og idrett skulle 10 prosent av spelemiddela gå til lokale lag og foreiningar. Året etter, i 2001, blei den fyrste nasjonale strategiplanen for å styrke idrettsråda vedtatt av idrettsstyret. Dei tre satsingsområda i strategiplanen var:

- 1) Sørge for at idrettsrådene får økt status i kommunene og i norsk idrett, 2) Sørge for at idrettsrådene får nødvendig økonomi og rammevilkår for å kunne utføre sine lovpålagte oppgaver og 3) Å utvikle kompetanse for ansatte og tillitsvalgte i alle idrettsråd (Waldahl, 2009 s. 16).

Nok ein gong gjekk ein inn for å styrke idrettsråda, då det i 2003 blei oppnemnt eit eige idrettsrådsutval, leia av NIF sin president og med representantar frå idrettstyret, idrettskretsar og idrettsråd. Dette utvalet skulle vere rådgivande for idrettstyret. Då den nasjonale idrettsrådskonferansen blei halden i Molde i 2009 vart ein samde om at idrettsråda er idretten sin viktigaste idrettspolitiske organ. Dette førte til at strategiplanen for 2008 – 2012 hadde overskrifta «*Idrettsrådet – sterke saker*» (NIF, b og c). I det same året utgav NIF i samarbeid med Kommunens sentralforbund ein vegleiar for samarbeidet mellom kommune og idrettsråd. Denne beskriver korleis idretten og kommunane er organiserte, og den beskriver samarbeidsarenaen og relasjonar. Vegeleiaren inneheld òg ei oppmoding til formaliserte samarbeidsavtaler mellom kommunar og idrettsråd (Waldahl, 2009).

## ***1.2 Tidlegare forskning***

Idrettsråd er eit tema det er forska relativt lite på. Ein har NIF si lov (2011) som fortel korleis idrettsrådet skal vere og kva oppgåver ein skal gjer. NIF har òg nokre tekstar på internett som beskriver historia til idrettsråd som organisasjonsledd. I 2009 utgav Waldahl rapporten «*Samspill mellom idrett og kommune; Idrettsrådene – organisasjon, rolle og*

*oppgaver*». Denne tar for seg idrettsråda og korleis interesserepresentasjon føregår kommunalt innanfor idrettsfeltet.

Ein har òg boka «*Norsk idrett – organisering, fellesskap og politikk*» av Bernard Enjolras, Ørnulf Seippel og Ragnhild Holmen Waldahl frå 2012 (2. utgåve). Denne tar for seg den norske idretten generelt men har eit kapittel spesifikt om idrettsråd. I dette kapittelet tar ein for seg blant anna struktur og bakgrunn, oppgåver, leing og relasjon til andre òg funksjonar. I tillegg er det fleire generelle bøker om norsk idrett, kommersialiseringa av idretten, og idrettshistoria i Noreg der blant anna Matti Goksøy har forska mykje.

Dei seinare åra har ein føretatt kvantitativ riksdekkjande undersøkingar av idrettsråd, der alle idrettsråd har fått tilsendt ein undersøking per e-post. Det er NIF som står bak undersøkinga og den første nasjonale undersøkinga av alle idrettsråd blei gjennomført i 2010. Undersøkinga, med svar frå om lag 80%, viste at idrettsråda har styrka stillinga si i norsk idrett. Det var òg ei i 2013, då med svart frå 257 idrettsråd. Det blei blant anna spurt etter utforminga av idrettsråda, økonomi og kva idrettsråda gjer.

## **2.0 Teori**

I følge Lesjø (2008) kan idrettsorganisasjonar bli betrakta som formelle organisasjonar som liknar på andre typar verksemder i samfunnet. Grunna dette kan ein analysere idrettsråd med hjelp av moderne organisasjonsteori. Lesjø (2008) meiner at idrettsorganisasjonar har ein formell struktur med meir eller mindre byråkratisk oppbygning i avdelingar og verksemdsområde. Ein opererer med mål på organisasjonen sine vegne og utviklar strategiar for å oppnå desse måla.

Scott (2008) skriver at Parson meinte at ein kvar organisasjon er eit delsystem av eit breiare sosialt system som er kjelda til meininga, legitimiteten og støtta som er med på å gjere gjennomføringa av organisasjonen sine mål mulig. Idrett, med sine normer og verdiar, er noko meir enn ein organisasjon. Seippel (2002) hevdar at gjennom historia har idretten stadig fått ei meir institusjonell utforming, gjennom å ha fått eit nasjonalt idrettsforbund òg at idretten sin økonomi er blitt styrka betrakteleg. Ein teori som derav er nyttig for å forklare idrettsrådet sin legitimitet er institusjonell teori.

I Noreg er Hallgeir Gammelsæter ein av dei som har brukt institusjonell teori mykje innan forskning i idrettsfeltet. Gammelsæter brukte institusjonell teori i, blant anna, «Institutional

Pluralism and Governance in «Comercialized» Sport Clubs» (2010). I denne artikkelen brukte han institusjonelle logikkar for å identifisere behovet av leiing for å skape organisasjonar som blir mål i seg sjølv til tross for eit mangfald av institusjonelle logikkar som utgjer meiningar. Kari Steen-Johnsen har òg brukt denne teorien, blant anna i artikkelen hennar om særforbund i ei brytningstid. Steen-Johnsen (2011) brukar leiingslogikkar for å forstå skiforbundet i ei brytningstid. Ho hevdar vidare at slike logikkar strukturerer tanke settet til aktørar i organisasjonar og gir kollektive forståingar. Det er ikkje nødvendigvis ein logikk som dominerer, men ulike logikkar som eksisterer saman og konkurrerer i ein enkelt organisasjon.

Institusjonell teori er ein teori som er anvendt mykje i forskning, og her er mange forskjellige retningar. Som følgje av dette har ein ingen klar definisjon på institusjonell teori. Der Gammelsæter (2010) brukte dei institusjonelle logikkane for å sjå på kva logikkar som er viktige for folkegrupper, vil eg sjå på det Jacobsen og Thorsvik (2007) meiner er hovudinnhaldet i institusjonell teori: korleis dei institusjonelle omgivnadane påverkar organisasjonen.

I følgje Jacobsen og Thorsvik (2007) viser institusjonelle omgivningar til grunnleggjande meiningar, verdiar og normer som pregar korleis ein meiner ulike typar verksemdar bør etablerast og organiserast, styrast og koordinerast, og leiast. Dersom ein organisasjon ikkje passar til slike forventningar vil ein kunne få eit legitimitetsproblem i forhold til omgivnadane, då avvik frå forventingar skapar usikkerheit.

Jacobsen og Thorsvik (2007) og Scott (2008) forklarar institusjonelle omgivningar med å dele det opp i tre ulike institusjonelle element, eller tre ulike søyler som organisasjonen må tilpasse seg for å bli oppfatta som legitim. Desse tre søylene er: ei regulativ-, ei normativ- og ei kognitiv søyle.

Denne modellen har i følgje Scott(2008) sine sterke sider, men den maskerer òg viktige forskjellar mellom dei tre søylene. Den knyter saman tre noko avvikande oppfatningar som må differensierast. Organisasjonar krevjar meir enn materielle ressursar og teknisk informasjon om dei skal overleve i sine sosiale omgivningar, Scott (2008) hevdar at ein òg trenger sosial aksept og truverdighet. Sosiologar brukar omgrepet legitimitet for å referere til desse forholda.

Scott (2008, s. 59) skriver at «legitimitet er ein generalisert oppfatning eller føresetnad om at handlingane i eit føretak er ynskjelige, riktige eller hensiktsmessige innan nokre sosialt konstruerte system av normer, verdier, tru og definisjonar». Kvar av dei tre søylene gjer grunnlag for legitimitet, dette er tre liknande men forskjellige grunnlag (Scott, 2008).

Kort summert kan ein forklare dei tre søylene slik: den regulative søyla legg vekt på tilpassing til reglar og lover. Nasjonale og internasjonale regulerings- og kontrolltiltak som organisasjonar må tilpasse seg for å oppnå legitimitet. Den normative søyla understrekar eit djupare, moralsk utgangspunkt for å vurdere legitimitet. Den viser til generelle verdier og normer i samfunnet som oppgjer kva mål og oppgåver som blir sett på som viktige, og korleis ein oppnår desse. Den tredje, og siste, søyla er den kognitive. Ut i frå denne søyla er legitimitet bestemt ut i frå kva grad andre oppfattar at organisasjonen samsvarar med kva som er allment akseptert (Scott, 2008. og Jacobsen & Thorsvik, 2007).

Sjølv om desse tre søylene er forskjellige er sanninga, i følge Scott (2008), at i dei fleste empirisk observerte institusjonelle system observerer ein ikkje berre éi av søylene, men varierende kombinasjonar av desse. I stabile sosiale system, meiner Scott (2008), at vi observerer organisasjonar som varar og er forsterka fordi dei blir tatt for gitt (kognitiv), er normativt godkjente og er støtta av autoriserte krefter (regulativ). Styrken til ein slik organisasjon kan vere formidabel.

Det er fleire grunnar til at dei institusjonelle omgivnadane er viktige. Jacobsen og Thorsvik (2007) meiner det er viktig å bli sett på som legitime av omgivnadane, skulle denne legitimiteten bli svekka kan det på sikt føre til tap av støtte, samstundes som det kan føre til mistillit. Som eit organisasjonsledd i NIF er det viktig at ein blir sett på som legitime. Noko av det idrettsråda gjer er som tidligare nemnt å fordele lokale aktivitetsmiddlar og andre kommunale middlar samstundes som ein gjer andre relevante oppgåver for kommunen. Det er difor svært viktig at omgivnadane; idrettslaga, kommunen, idrettskretsen osv. ser på idrettsrådet som legitimt. Eit idrettsråd må hente ressursane sine frå andre stadar enn marknaden, det blir difor viktig å vise seg fram som ein effektiv organisasjon som leverar forventa resultat.

## 3.0 Metode

### 3.1 *Metodisk tilnærming*

I denne oppgåva ynskjer eg å forstå korleis det lokale idrettsfeltet forstår og tolkar idrettsrådet. Det er ynskjeleg å få fram nyansert empiri, då det ikkje er forska så mykje på dette, samstundes som ein vil gå i djupna. Jacobsen (2012) meiner at det i slike situasjonar er riktig å gå for ei kvalitativ tilnærming.

Når ein ynskjer å undersøkje korleis menneskje forstår og tolkar eit omgrep eller fenomen er det i følgje Jacobsen (2012) riktig å gå for ein kvalitativ tilnærming. Jacobsen (2012) meiner at denne tilnærminga passar problemstillingar der ein ynskjer å få fram nyansert empiri, ein går i djupna, er følsam for uventa forhold og ein er open for kontekstuelle forhold.

Det er fordelar og ulemper med den kvalitative metoden. I dette høvet er det spesielt to fordelar Jacobsen (2012) nemner, som skiljar seg ut. Dette er 1) høg omgrepsgyldigheit, at eg har moglegheita til å få fram den «riktige» forståinga av idrettsrådet, og 2) at det eg samlar inn er nyansert. Dei eg intervjuar gjer meg sine fortolkingar og meiningar om idrettsrådet. Det er òg ulemper med å velje kvalitativ metode. At det tar lang tid å gjer kvart enkelt intervju er eit problem. Dette kan i følgje Jacobsen (2012) gjer at eg vil få eit problem med generaliserbarheiten, då eg berre får gjort nokre frå utvalte intervju. Jacobsen (2012) meiner at dette òg er ein ressurskrevjande metode med tanke på det ustruktureerte data ein samlar inn.

Denne oppgåva er ein casestudie, der eg tar for meg ei norsk kommune for å sjå korleis idrettsrådet blir oppfatta blant omgivnadane i det lokale idrettsfeltet, og korleis ein i idrettsrådet ser på seg sjølv og sitt samarbeid med resten av det lokale idrettsfeltet. Eit casestudie undersøker i følgje Yin (2014) eit fenomen i sin virkelege samanheng. Det er mange variasjonar av casestudie, Yin (2014) hevdar at det kan inkludere eitt eller fleire tilfelle, det kan vere avgrensa til kvantitative bevis og det kan vere ein nyttig metode å gjer ei evaluering. I dette tilfellet består casen av ei kommune, for å gå i djupna på eit spesifikt fenomen. Casekommunen er ei middels stor kommune med om lag 25 000 innbyggjarar. I 2014 var det om lag 60 idrettslag i kommunen, der om lag 10 av desse er fleiridrettslag og dei resterande 50 er særvidrettslag

### **3.2 Data innsamling**

For å få tilgang på så mykje informasjon som mogeleg har eg brukt det opne individuelle intervjuet for å samle inn data. Eg har vert opptatt av å få fram synspunkta til dei forskjellige i det lokale idrettsfeltet; kommunen, idrettsrådet sjølv, idrettslaga og idrettskretsen. Litteraturen til Jacobsen (2012) byggjer opp om at i slike tilfelle er det opne individuelle intervjuet ein god metode for å samle inn dei ynskjelege dataa.

Det er om lag 60 idrettslag, sjølv om det hadde vert ideelt å intervju alle let ikkje dette seg gjere, av fleire årsakar. Fleire idrettslag blei kontakta per e-post der ein fikk informasjon om undersøkinga. Då eg måtte gjere eit utval var det ynskjeleg at alle typar lag var representert. Særidrettslag og fleiridrettslag. Store- (over 500 medlem), mellomstore- (100 – 500 medlem) og små (opp til 100) idrettslag, både frå distriktet og frå by området. Diverre viste det seg å vere vanskelig å få tak i idrettslag som ville stille opp. Eg enda difor opp med å intervju to store idrettslag frå byen, eit særidrettslag og eit fleiridrettslag. I tillegg fikk eg svar på nokre spørsmål via e-post frå eit lite fleiridrettslag frå distriktet. Eg intervjuar òg den kommunale idrettskonsulenten, sekretæren i idrettsrådet og organisasjonssjefen i idrettskretsen. I alt vart det gjennomført fem intervju ansikt til ansikt, med ein varigheit på mellom 20 og 50 minutt, samt eitt intervju via e-post.

Alle intervjuar blei tatt på stadar som er naturlege for intervjuobjekta. For kommune, idrettsråd og idrettskrets blei dei tatt på kontora til dei som blei intervjuar. Då begge idrettslaga eg intervjuar er store idrettslag har desse intervjuar blitt tatt på kontor/møterom i deira lokalar. Å ha det på ein stad intervjuobjektet kjenner godt kan i følgje Jacobsen (2012) spele ei stor rolle i korleis den ein intervjuar opptrer, då konteksten intervjuet føregår i som regel påverkar innhaldet i intervjuet.

Intervjuguiden i denne oppgåva baserar seg mykje på intervjuguiden brukt av Waldahl (2009). Dette gjerast då eg føler at det ho har vert innom òg vil gje ein god peikepinn på det denne oppgåva tar for seg. Waldahl sin intervjuguide består av spørsmål til kommunen og idrettsråd, i denne oppgåva tar eg i tillegg for meg idrettskretsen og idrettslag. Spørsmåla til idrettskrets og idrettslag er eigenproduserte i tråd med intervjuguiden til Waldahl(2009).

Som tidlegare nemnt deltok eg òg som observatør på årsmøtet til idrettsrådet. Her var det ynskjeleg å få eit innblikk i kor mange som møtte, kva klubbar som var representert, eventuelle diskusjonar med meir. Eg flytta meg til den staden der hendelsen fann stad, Jacobsen (2012) kallar dette ein observasjon i naturlege omgivnader. I følge Jacobsen (2012) er det nødvendig med tillating for å gjere ein slik observasjon. Denne tillatinga fikk eg då eg blei invitert til årsmøtet av sekretæren i idrettsrådet.

I dette feltstudiet satt eg som observatør bakarst i lokalet for å vere så anonym som mulig, men dirigent på årsmøtet opplyste om at eg var tilstade. Jacobsen(2012) hevdar faren ved ein slik open observasjon at dei som blir observert oppfører seg unormalt. Observatør har ingen inntrykk av ein slik observasjonseffekt.

### **3.3 Analyse**

Den kvalitative analysen eg har gjort blir av Jacobsen (2012) kalla ein «Nede-i-frå-og-opp»-prosess. Eg starta med mange ustrukturerte intervju som var relativt uoversiktlege. Gjennom den prosessen som er beskriven under har dette uoversiktlege materialet blitt kategorisert, på ein slik måte at eg har fått oversikt over kva data eg faktisk har samla inn, òg satt det i samanheng opp i mot kvarandre.

Alle intervju eg har føretatt blei tatt opp på lydband. For å ha best mulig oversikt over innhaldet i intervju velte eg å transkribere dei, overføre dei frå tale til skrift. Jacobsen (2012) meiner dette er ideelt for å ha oversikt over intervjuet, og det gjer det mykje lettare å få ein heilhet ut av det.

Etter å ha transkribert intervju starta arbeidet med å analysere innhaldet. Eg hadde på forhand laga ein intervjuguide med tema eg skulle innom i intervju. Dette gjor at eg hadde sett for meg nokre kategoriar eg skulle analysere innhaldet i intervju opp i mot. Jacobsen (2012) hevdar at i ei slik innhaldsanalyse er første punkt å kategorisere intervju, deretter er neste skritt å tilordne einingar til dei forskjellige kategoriane før ein ser på likskapar og ulikskapar mellom dei ulike einingane knytt til dei kategoriane ein har danna. Problemstillinga mi er todelt, eg fann det difor naturleg å lage kategoriane mine etter dette. Det gjor at første del av problemstillinga, roller og funksjon, blei delt opp i fire kategoriar basert på forskinga til Enjolras et al. (2012) og Waldahl (2009). Desse fire kategoriane er idrettsrådet som; samordingsorgan, interesseorgan, serviceorgan og implementeringsorgan. Den andre delen av problemstillinga mi, legitimiteten til idrettsråd, blei delt opp i tre



kategoriar basert på institusjonell teori: idrettsrådet innanfor den regulative-, den normative- og den kognitive søyla.

Kvar kategori fikk sin eigen fargekode. For å kople intervju opp til kategoriane blei alle intervju skrivne ut og gått gjennom. Det som fall innfor kategoriane fikk fargekoden til den kategorien det tilhøyret. Jacobsen (2012) hevdar at vi på dette stadiet kan samle saman informasjon om dei ulike kategoriane og derav sei noko om samanhengen mellom dei ulike kategoriane, trekk ved den enkelte vi har undersøkt og trekk ved heile konteksten.

### ***3.4 Validitet, reliabilitet og feilkjelder***

Uansett kva metodisk tilnærming ein har er det i følge Jacobsen (2012) to krav som stillast. Dette er at empirien, dataet, vi samlar inn må vere gyldig og relevant (valid), og at empirien er påliteleg og truverdig (reliabel).

Det at empirien må vere gyldig og relevant (valid) betyr at ein skal måle det ein faktisk ynskjer å måle, at det ein har målt blir oppfatta som relevant og at det som blir målt hjå nokre få òg gjelder for fleire. Ein kan dele validitets omgrepet opp i tre delkomponentar: 1) omgrepsgyldighet, at vi faktisk måler det ein trur ein måler, 2) intern gyldighet, om ein har dekning i empirien til å trekke dei konklusjonane ein trekker, og 3) ekstern gyldighet, om resultatet frå eit avgrensa område og på eit gitt tidspunkt òg er gyldige i andre samanhengar. At empirien er påliteleg og truverdig (reliabel) vil sei at den er til å stole på. At undersøkinga er gjort på ein truverdig måte og at den vekker tillit. Det vil sei at den ikkje inneheld openberre målefeil (Jacobsen, 2012).

Det viste seg vanskelig å få tak i idrettslag. Dette har diverre gjort at eg berre har fått tak i idrettslag frå by området, og eg har difor ikkje fått eit innblikk i kva «distrikts» laga meiner om idrettsrådet. Representativen i oppgåva kan difor vere ein svakheit.

Eit anna problem kan vere den eksterne gyldigheten. Korleis eit idrettsråd arbeider, og kva andre meiner om idrettsrådet varierer mykje frå idrettsråd til idrettsråd. Dette fører til at ein vil ha problem med å hevde at dei funna som gjelder i denne aktuelle kommunen òg gjelder for andre kommunar og andre idrettsråd.

### 3.5 Etikk

Det stillast strenge krav når ein skal gjer ei undersøking i Noreg, og eg har difor vert påpasseleg for å følgje desse krava. Det første kravet er at ein har eit informert samstykke frå den som stiller opp til intervju. Dette betyr i følgje Jacobsen (2012) at den som undersøkast deltar friviljug i undersøkinga, og ein veit alt om farar og gevinstar deltakinga kan medføre. Dette første kravet er ein av grunnane til at det blei sendt ut ein e-post til alle intervjuobjekta. Der eg informerte om meininga med undersøkinga og kva intervju skulle brukast til. Det var viktig for meg å informere om at dei som var villige til å bli intervju blei anonymiserte, dette gjor at ein del farar ved å delta blei eliminerte.

Det andre kravet knytt til forholdet mellom forskar og den som blir forska på er krav på privatliv. At ein har krav på dette betyr at undersøkaren ikkje skal grave i privatlivet til dei ein undersøker. Dette betyr at ein blant anna skal vere forsiktig med følsame opplysningar som; religion, rase, seksualitet, helse osv. (Jacobsen, 2012). Desse opplysningane var ikkje relevante for det eg undersøker og var difor lette å styre unna.

Det tredje kravet er i følgje Jacobsen (2012) at ein skal bli korrekt attgjeven. For å sikre å få det så rett som mulig uttrykte eg eit ynskje om å få ta opp intervju på mobilen, med lovnad om å slette dei frå mobilen så fort eg hadde overført dei til pc. Alle intervjuobjekt godtok dette. Intervjuobjekta har ikkje fått lest dei transkriberte intervju i ettertid, men ein har lyd opptak som ei stadfesting på at ein er blitt korrekt attgjeven.

## 4.0 Resultat

Som tidlegare nemnt vil dette kapitelet, som følgje av at problemstillinga, vere todelt. Først vil eg knytte dataet eg har samla inn opp mot den første delen av problemstillinga mi; kva rolle og funksjon idrettsråd har. Den andre delen av dette kapitelet tar for seg den andre delen av problemstillinga som omhandlar idrettsrådet sin legitimitet.

### 4.1 Idrettsrådet sine roller og funksjonar

**Idrettsrådet som samordningsorgan.** Ei av idrettsrådet sine viktige oppgåver er i følgje Enjolras et al. (2012) at ein skal vere ein arena for open diskusjon der ein skal skape ei felles meining og interesse. Enjolras et al. (2012) meiner at den viktigaste formelle arenaen for samordning er årsmøtet. I mitt materiale kjem det òg fram at dette er viktig. *«Ei av våre viktigaste oppgåver er å halde god kontakt med idrettslaga; det er jo trossalt ca. 60*

*idrettslag i idrettsrådet»* (sekretær i Idrettsrådet). Vidare viser oppmøtet på årsmøtet at dette kan vere vanskeleg. På årsmøtet var det 17 røysteføre frå 12 klubbar, noko som tilsvara om lag 20 % av klubbane i idrettsrådet. *«Det er ikkje den heilt store oppslutninga»* (sekretær i idrettsrådet). Kommunen har i likskap med idrettsrådet merka seg at det ikkje er allverden oppmøte på årsmøte, det verkar som kommunen ser meir negativt på dette enn idrettsrådet sjølv. *«Der meiner vi at idrettslaga er alt for dårlige. Å stille på årsmøte er ein ting, men å sjå på idrettsrådet som ein viktig samarbeidskanal inn mot kommunen er noko mange idrettslag utnyttar for dårlig»* (idrettskonsulent i kommunen).

Manglande oppmøte på årsmøtet gjer at idrettsrådet må legge nokre av styremøta ute hjå idrettslaga for å få innsyn i korleis fleire idrettslag ynskjer det. *«Eit lag får vere vertsskap, også inviterer vi laga rundt slik at dei får kome dersom dei har noko dei vil drøfte med oss»* (sekretær i idrettsrådet). Idrettslaga òg veit til ei viss grad kva idrettsråda gjer som samordningsorgan. *«Eg veit det skal vere ein arena eller eit fora for klubbane i kommunen, kor aktive vi er/har vore er eg meir usikker på»* (leiar i eit stort fleiridrettslag).

Organisasjonssjefen i idrettskretsen meiner at idrettslaga brukar det aktuelle idrettsrådet *«Det er jo eit lagansvar, og eg opplever at laga brukar idrettsrådet. Det er ikkje slik at dei sterke laga spring til kommunen på eiga hand, men ein brukar idrettsrådet der idrettsrådet skal brukast»*

**Idrettsrådet som interesseorgan.** Rolla som interesseorgan hengjer, i følge Enjolras et al. (2012), til ei viss grad saman med rolla som samordningsorgan. I rolla som interesseorgan skal ein tale idretten si sak til omverda, det er difor viktig at ein då har utført rolla som samordningsorgan, slik at ein har ei felles meining. Mine funn viser at idrettsrådet i denne kommunen utførar dette arbeidet. I årsmeldinga til idrettsrådet står det at leiar i idrettsrådet har vert på møter både med politisk- og administrativ leiing i kommunen.

Kommunen si leiing har gjort eit politisk vedtak om at ein gong eller to i året skal ein møte organisasjonslivet på leiarnivå. I tillegg har ein gjort eit vedtak om at idrettsrådet skal høyrast og har muligheit for å utale seg i politiske sakar (idrettskonsulent i kommunen).

Idrettsrådet sjølv meiner det er viktig å halde god kontakt med det offentlege.

Når det gjeld samarbeidet idrettsrådet og kommunen har, verkar det som begge partar er nøgde.

Eg synes samarbeidet alltid har vore godt. Dei arresterer oss på ting dei meiner vi gjer feil og kritiserer oss dersom dei meiner vi gjer feil. Dei er ein god kritikar for oss, men samstundes ein veldig god samarbeidspartner og medspelar. Det er mykje viktigare for oss å samarbeide med idrettsrådet enn med særiddrettane. Vi ynskjer å sjå idretten under eitt, og prøver å oppretthalde eit mangfald» (idrettskonsulent i kommunen).

Funna mine viser at idrettsrådet er fornøgde, og opplever at kommunen viser tillit til rådet «*Eg trur ikkje eg har opplevd at det er gjort endringar på vedtak som har gått frå idrettsrådet*» (sekretær i idrettsrådet).

Det er derimot sprikande interesse frå idrettslaga. Sjølv om kommunen seier at ein tar det som kjem frå idrettsrådet svært seriøst er ikkje idrettslaga like aktive. «*Idrettsrådet er ikkje noko som står på agendaen vår. Som idrettslag er vi opptatt av å ta grep i det som er nærmast, og kanskje viktigast først (aktivitet osv.)*» (Styreleiar i eit stort fleiridrettslag).

Dette blir støtta opp av dagleg leiar i eit stort særiddrettslag, på spørsmål om dei meiner at idrettsrådet har noko forbettringspotensiale svarar han: «*Ja, syns jo det at dei kan vere meir synlige. Første bod må ver å gjer seg til kjenne. At idrettslaga veit kven som er sin forlenga arm inn mot kommunen. Der har dei eitt sjølvstendig ansvar*». Styreleiaren i eit stort fleiridrettslag meiner at ein kanskje ikkje kan legge all skyld på idrettsrådet, ein må gjer initiativ sjølve òg. Dagleg leiar i eit stort særiddrettslag syntes å ha same litt same oppfatning «*Vi arbeidar med eit hallprosjekt og da har vi vore opptatt med å ha med idrettsrådet*».

**Idrettsrådet som serviceorgan.** Som serviceorgan hevdar Enjolras et al. (2012) at idrettsråda skal ivareta idrettslaga og vegleie dei dersom ein har behov for det. Funna mine viser at nokre av oppgåvene til idrettsrådstyret, i 2014, blant anna var; tildeling av lokale aktivitetsmidlar, prioritering av søknadar om spelemidlar til kommunen for 2015, trenar/leiarforum i tillegg til kursverksemd i regi av idrettskretsen. Dette er for å ivareta aktiviteten i idrettslaga. Ein ser òg at idrettsrådet tar det idrettspolitiske seriøst, og prøvar å vegleie idrettslaga gjennom å få dei tidlig inn i kommunale prosessar.

Det å få samla idrettslaga inn til det vi kallar oppstartsmøter (til kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet) er ei viktig oppgåve, for dess tidligare ein kjem inn i slike prosessar jo betre er det og jo betre resultat vil ein få. Problemet her er å få laga til å skjønne kor viktig det er. Dei tenkjer at det ikkje angår «oss» i dag, men det kan angå dei i høgste grad om eitt, to eller tre år» (sekretær i idrettsrådet).

Det er tydeleg at idrettsråd og kommune begge har kjennskap til «reglane», slik at idrettslaga må gå gjennom idrettsrådet for å få kontakt med kommunen i saker som angår idrettsrådet. På spørsmål om idrettslaga går direkte til kommunen svarar sekretæren i idrettsrådet *«Det er ingen som går direkte til han (idrettskonsulenten) med overordna planer. Han kjenner spelereglane, dersom det kjem idrettslag inn til han får vi den saka. Der er relasjonen så god at det aldri blir tatt snarveg»*.

Det kan derimot verke som idrettslaga er litt meir usikre på kva idrettsrådet gjer. Styreleiar i eit stort fleiridrettslag utalte: *«Det hadde kanskje vert slemm å kalle dei eit spøkelse, men dei er nok litt lite synlige for oss som idrettslag»*.

**Idrettsrådet som implementeringsorgan.** Som tidligare nemnt hevdar Waldahl (2009) at idrettsrådet òg har ei rolle som implementeringsorgan. Som implementeringsorgan utfører ein oppgåver på vegne av kommunen. Sjølv om denne rolla ikkje er definert gjennom NIF si lov hevdar Waldahl at idrettsråda har denne rolla. Mine funn tydar òg på dette. *«Idrettsrådet er ein høyringsinstans på kulturmidla. Vi brukar dei til å avvikle trenar/leiar forum og ein del større møter/møteplassar der dei tar opp tema som gjeld idretten i kommunen»* (idrettskonsulent i kommunen). Dette blir bekrefta av sekretæren i idrettsrådet *«Vi behandlar dei kommunale kulturmidla, øl-fondet (daglegvarebransjens kulturfond) og nokre andre fond»*.

Funna mine tydar på at idrettsrådet gjer oppgåver for kommunen, samstundes er ein påpasselige for å ikkje gjer for mykje kommunalt arbeid. Sekretær i idrettsrådet uttalte følgjande:

For nokre år sidan blei vi tilbydd å få ei stilling av kommunen til idrettsrådet, men då under føresetnad om at ein tok over alt arbeid med å tildele treningstider i kommunale anlegg. Ein vart då betenkte for ein ville ha kome i ein dobbeltskvis der ein blei ein tenesteytar for kommunen i staden for å ver eit idrettspolitisk organ som jobba opp i mot kommunen. Vi sa nei til dette slik at vi kunne ha eit heilt anna fokus på idrettsrådsarbeidet.

Kommunen er einige i at idrettsrådet ikkje har kapasitet nok til slike oppgåver per dags dato, men samstundes er ein ikkje i mot at ein kan etablere ein administrasjon i idrettsrådet som kan gjere slike oppgåver i framtida. *«Vi ser at det å fordele halltider og slike ting blir*

*for store oppgaver for idrettsrådet slik ein er organisert her i kommunen i dag»*  
(idrettskonsulent i kommunen).

## **4.2 Idrettsrådet sin legitimitet**

**Idrettsrådet sin legitimitet innanfor den regulative søyla.** Som ein organisasjon i Noreg er ein underlagt alle lover og reglar i Noreg. Idrettsråda er òg underlagt NIFs lov, i likskap med alle andre medlem av NIF. Kapittel åtte i NIFs lov (2011) handlar spesifikt om idrettsråd. *«Ein utførar jo dei oppgåvene som er definert gjennom lova. Dei er definert på eit overordna plan, ein må finne ut kva som gjelder lokalt»* seier sekretæren i idrettsrådet før han legger til *«men arbeidet som utførast finner ein jo i gamle beretningar og slikt».*

Innad i idrettsrådet viser funna mine at det er tydeleg at reglementet blir tatt på alvor. *«Eg er sekretær, og har ikkje stemmerett i styret eller noko som helst. Eg legger til rette for styrearbeid»* seier sekretæren i idrettsrådet. Vidare ser ein at idrettsråda tar det lovpålagte alvorlig utad: *«Noko av det viktigaste for idrettsrådet er å gjer som ein er lovpålagt: å halde god kontakt mellom det offentlege og idretten, og sjølvsagt kontakta mellom idrettslaga og idrettsrådet»* (Sekretær i idrettsrådet). Idrettslaga støttar opp om at idrettsrådet arbeidar etter lovverket: *«som idrettslag fikk vi innkalling til årsmøte»* og *«idrettsrådet har jo på lik linje med kommunen ei oppgåve å forsøke å ivareta alle sine særinteresser og alle sine interesser i størst mulig grad»* (begge sitat frå eit stort sær-idrettslag).

Mange idrettsråd skriver avtalar med kommunen for å få si stilling kontraktfesta. *«Nei. Det er ingen skrifteleg formell avtale. Vi prøvar å samarbeide på dei områda som skisserast i vegleiaren for idrettsråd. Det ville vere heilt naturleg for meg å sende alle planar som angår idretten til idrettsrådet»* (idrettskonsulet i kommunen).

**Idrettsrådet sin legitimitet innafor den normative søyla.** Der det var lovgjevning som var grunnlaget for press i den regulative søyla, er det her verdiane og forventingane i samfunnet som er pressgrunnlaget. Ein føler ein sosial skyldnad til å oppnå moralsk aksept (Jacobsen & Thorsvik, 2007). Idrettsrådet byggjer legitimitet kringom dersom ein får ein moralsk aksept i omgivnaden gjennom det arbeidet ein er pålagt av NIF. *«I idrettsrådsarbeid er det jo klart at dersom ein er aktiv der, vil ein vere med på å legge til*

*rette i samspelet mellom det offentlege og overordna organisasjonar på vegne av idrettslaga i kommunen» (sekretær i idrettsrådet).*

Det kjem tydeleg fram at idrettsrådet er påpasselege med å arbeide etter det samfunnet meiner er rett for tida, både på eit lokalt og eit nasjonalt plan. På det lokale planet hevdar sekretæren i idrettsrådet at *«det er vår plikt å vere med og utvikle idretten i kommunen, utan at det er spesifisert til eit bestemt idrettslag eller ein bestemt idrett. Det er ikkje noko tvil om at nett no er det viktigaste å få samla innandørsidrettane på ein plass»*. På eit nasjonalt nivå ser ein at det er eit stadig større fokus på born og ungdom, blant anna med «ungdomsløftet» som er eit prosjekt som skal løfte fram ungdomen i Norsk idrett (NIF, e). Born og ungdom er noko som er mykje fokusert på i samfunnet, òg når det gjelder arbeidet i idrettsrådet. *«Det er viktig å prioritere born og ungdom, og kanskje aller helst ungdom då det er NIF sitt satsingsområde. I tillegg har vi klart å få ned prisen på halleige for born og ungdom»* (sekretær i idrettsrådet).

Ein kan og sjå at verdiane og forventningane i samfunnet kan vere med å sette ein stoppar for arbeid i idrettsrådet, spesielt i kampen om kommunale midlar. *«Ein må innsjå at det er vanskelig å matche kampen mot eldrebølga og skulen. Men vi søker ryggdekning frå idrettsrådet når vi tar idrettslege val»* (Idrettskonsulent i kommunen). Meir lokalt viser det seg at det i ei stor kommune (areal) er vanskeleg å gjere alle i samfunnet nøgde *«du har jo utfordringa by og land, der bygdene føler seg litt oversett i forhold til bykjernen»* (idrettskretsen). Idrettslaga på si side meiner det er viktig å tenke stort og heilheitlig nok.

**Idrettsrådet innanfor den kognitive søyla.** Organisasjonane sin legitimitet er i følge Jacobsen og Thorsvik (2007) bestemt ut i frå kva grad andre oppfattar at organisasjonen samsvarar med kva som er allment akseptert. Det er viktig korleis idrettsråda står fram, dersom det skal bli oppfatta som at ein gjer oppgåvene riktig. *«Vi meiner idrettsrådet, slik det er organisert no og med dei ressursane ein har, gjer ein veldig strukturert og god jobb. Vi har eit godt forhold og dei arresterer og kritiserer oss for ting dei meiner vi gjer feil»* (idrettskonsulent i kommunen). Idrettsrådet er opptatt av at det arbeidet dei gjer skal vere så bra at det blir satt pris på, sekretæren i idrettsrådet uttalte blant anna *«Dersom vi ikkje får kommunen til å skjønne verdien av det arbeidet idrettsrådet gjer utan ein samarbeidsavtale er det dødfødt. Det er eit kommunestyrevedtak om at vi har talerett i fora når det behandlast saker, og dette er ei tillitserklæring»*. Òg idrettskretsen meiner at

idrettsrådet gjer ein god jobb, men her kjem det fram at det kan vere litt for personavhengig. «*Det er kanskje personavhengig, utan noverande sekretær hadde det nok ikkje vert like bra. Han bærer ein del*» (idrettskretsen).

På årsmøtet til idrettsrådet var det representantar frå 12 klubbar. «*Det er ikkje den store oppslutninga, men det viser kanskje at idrettslaga stoler på det arbeidet styret gjer*» (sekretær i idrettsrådet). Alle idrettslaga eg har vert i kontakt med uttrykker at ein ikkje har svært god kjennskap til idrettsrådet, det verkar som ein tar idrettsrådet for gitt. Ein veit det er der men samstundes involverer ein seg ikkje i noko grad. «*Eg føler eg har relativ god oversikt over idrettsrådet. Kan ikkje sei vi har god kontakt, men vi har relativ god oversikt*» (dagleg leiar i eit stort særiddrettslag). «*Idrettsrådet er ikkje noko som står på agendaen vår. Det hadde kanskje vert slemt å kalle dei eit spøkelse, men dei er nok litt lite synlege for oss. Samstundes må det seiast at det like gjerne kan vere vår feil, som ikkje har oppsøkt dei*» (styreleiar i eit stort fleirdrettslag).

## **5.0 Diskusjon og konklusjon**

I problemstillinga sin første del, kva rolle og funksjon idrettsråd har, visar funna mine mykje av det same som litteraturen til Enjolras et al. (2012) og Waldahl (2009). Som ein ser i resultatkapitlet kjem dette spesielt godt fram i intervjuet med idrettsrådet og i intervjuet med kommunen.

Idrettsrådet i casekommunen viser at ein tar alle dei lovpålagte rollane og funksjonane seriøst. Det kjem fram at ein har fokus på å ha eit godt samarbeid med/mellom laga, mellom idrettslaga og kommunen, og mellom idrettslaga og organisasjonsledd lenger opp i NIF systemet, slik som Enjolras et al (2012) hevdar dei er lovpålagte til. Noko av det som var knytt mest spenning til var den siste rolla/funksjonen idrettsrådet har. Rolla som implementeringsorgan, som Waldahl fann i sin rapport frå 2009. Likeins med Waldahl (2009) viser mine funn at idrettsrådet utførar oppgåver for kommunen. Sjølv om sekretæren i idrettsrådet uttalar at ein er påpasselege med å ikkje gjer for mykje arbeid for kommunen, då ein skal vere eit organ som arbeidar opp i mot kommunen, ser ein at rolla/funksjonen som implementeringsorgan ligg i idrettsrådet. Døme på dette er at ein behandlar kommunale kulturmiddel og at kommunen brukar idrettsrådet til å avvikle møteplassar osv.



Nokre av funna mine var svært interessante og då spesielt nokre av fråsegna til idrettslaga eg intervjuar. I følgje Enjolras et al. (2012) og NIFs lov (2011) er idrettsrådet idrettslaga sin forlengte arm inn mot kommunen (interesseorgan). Idrettskonsulenten i denne aktuelle kommunen uttalte òg at ein tar det som kjem frå idrettsrådet svært seriøst. Mykje meir seriøst enn det som kjem frå det enkelte idrettslag eller frå eit særforbund, då kommunen vil ha eit mangfald av idrettar og ynskjer å sjå idretten under eitt. Samstundes viser funna mine at deltakinga frå idrettslag er så som så. Av om lag 60 idrettslag møtte det 12 idrettslag på årsmøtet til idrettsrådet. Noko som byggjer opp om dette er utsagnet «*Idrettsrådet er ikkje noko som står på agendaen vår. Som idrettslag er vi opptekne av å ta grep om det som er nærmast, og kanskje viktigast først (aktivitet osv)*».

Dette tar meg vidare til den andre delen av problemstillinga, nemleg legitimiteten til idrettsråd. Som det kjem fram av teori kapitlet vil organisasjonen få eit legitimitetsproblem dersom ein ikkje passar til forventningane frå omgivingane (Jacobsen & Thorsvik 2007). I den institusjonelle teorien finner ein tre institusjonelle element, eller søyler, som organisasjonen må tilpasse seg for å bli oppfatta som legitim.

Innanfor den første søyla, den regulative, er det tilpassinga etter lover og reglar som skapar legitimiteten. Funna mine viser at idrettsrådet arbeidar etter det som er definert som arbeidsoppgåver i NIF si lov. At kommunen uttalar at ein tar idrettsrådet seriøst er eit teikn på at dei meiner at idrettsrådet følgjer dei lover og normer ein skal. Idrettskretsen, som har det overordna ansvaret for idrettsråda i sitt område, viser det same. Dette gjer dei gjennom å ikkje blande seg inn i det arbeidet idrettsrådet gjer, noko som ein måtte gjort dersom idrettsrådet hadde brote NIF si lov (NIFs lov, 2011). Funna mine tydar på at idrettsrådet blir sett på som legitime innanfor den regulative søyla, òg av idrettslaga. Ikkje noko frå intervjuar mine tydar på at idrettslaga er misfornøgd med måten idrettsrådet følgjer lovverket. Blant anna bekreftar dei å ha fått ei lovleg innkalling til årsmøtet i idrettsrådet.

Materialet mitt tydar på at idrettsrådet blir sett på som legitimt av alle i det lokale idrettsfeltet innanfor den regulative søyla. Det er difor interessant at det kan sjå ut som det er litt sprikande innanfor dei to andre søylene, den normative- og den kognitive søyla. Ut i frå dei funna eg har gjort kan det sjå ut som idrettsrådet blir sett på som meir legitime, med tanke på desse to søylene, av kommunen og idrettskretsen. Grunnen til dette er at kommunen og idrettskretsen stadig uttrykkjer at dei meiner at idrettsrådet gjer ein god jobb

med tanke på korleis ein er organisert og dei økonomiske ressursane ein har til rådighet. Medan idrettslaga brukar ord som spøkelse når dei blir bedt om å fortelje om sitt samarbeid med idrettsrådet. Ein kan få eit intrykk av at idrettsrådet blir tatt for gitt av idrettslaga. Scott (2008) meiner dog at ein er legitime innanfor den kognitive søyla dersom ein blir tatt for gitt.

Som tidlegare nemnt er det fleire grunnar til at dei institusjonelle omgivnadane er viktige for organisasjonar. Det er viktig å bli sett på som legitime for å få ressursar osv. Skulle denne legitimiteten bli svekka blant omgivnadane kan det på lengre sikt føre til tap av støtte, samstundes som det kan føre til mistillit frå omgivnadane (Jacobsen & Thorsvik, 2007). Eit idrettsråd må hente ressursane sine frå andre stadar enn marknaden, det blir difor viktig å vise seg fram som ein effektiv organisasjon som leverar forventa resultat. Skulle denne legitimiteten bli svekka blant omgivnadane kan det på lengre sikt føre til tap av støtte, samstundes som det kan føre til mistillit frå kommunen, blant idrettslaga osv.

Ein kan kort konkludere med at dei rollene og funksjonane idrettsrådet har er dei som er definert gjennom NIF si lov (2011), nemleg å vere eit samordningsorgan, eit interesseorgan og eit serviceorgan. I tillegg viser funna mine det same som Waldahl (2009) at ein har rolla som implementeringsorgan. Når det gjelder legitimiteten til idrettsråda tydar funna mine på at idrettsrådet blir sett på som svært legitime av kommunen og idrettskretsen. Det kan derimot tyde på at ein ikkje blir sett på som like legitime av idrettslaga, og då spesielt innanfor den normative søyla.

Det er verdt å merke seg skilnaden mellom idrettslag og kommunen i forhold til oppfatninga til idrettsrådet sine roller, funksjonar og legitimitet!

## ***5.1 Vidare forskning***

I framtidig forskning kan det vere svært interessant å sjå vidare på linken mellom idrettslag og idrettsråd. Det er tydeleg at, vertfall i casekommunen, det er etablert ei god kontakt mellom idrettsråd og kommune. Kvifor er det ikkje like bra mellom idrettslag og idrettsråd?

Det kan òg vere interessant å sjå vidare på denne undersøkinga, og utvide den for å sjå om funna mine stemmer andre stadar òg. Evt. Om det er forskjellar. Er det forskjellig i forhold til andre kommunar der idrettsråd og kommune har skrive samarbeidsavtale?

## 6.0 Kjeldeliste

- Enjolras, B., Seippel, Ø. og Waldahl, R.H. (2012). *Norsk idrett organisering, felleskap og politikk* (2. Utgåve). Oslo, NO: Akilles Forlag.
- Gammelsæter, H. (2010). *Institutional Pluralism and Governance in "Commercialized" Sport Clubs*. *European Sport Management Quarterly*, 10:5, 569-594, DOI: 10.1080/16184742.2010.524241
- Jacobsen, D. A. (2012). *Hvordan gjennomføre undersøkelser?* (2. utgåve, 4. opplag). Kristiansand, NO: Høyskoleforlaget.
- Lesjø, J. H. (2008). *Idrettssosiologi: Sportens ekspansjon i det moderne samfunn*. Oslo, NO: Abstrakt forlag.
- NIFs lov. (2011). <https://lovdata.no/dokument/NIFL/niflov/2011-05-08-1>. Lest 13.02.2015
- NIF, a. *Idrettsråd – sterke saker*.  
<http://www.idrett.no/krets/moreogromsdal/idrettsrad/Sider/idrettsrad.aspx>  
Lest 18.02.2015
- NIF, b. *Om NIF*. <http://www.idrett.no/omnif/Sider/organisering.aspx>. Lest 09.02.2015
- NIF, c. *LAM*.  
<http://www.idrett.no/krets/vestfold/tilskudd/Sider/lokaleaktivitetsmidler.aspx>. Lest 12.05.2015
- NIF, d. *Idrettsråd historikk*. <http://www.idrett.no/idrettsrad/Sider/Historikk.aspx>. Lest 18.02.2015
- NIF, e. *Ungdomsløftet*.  
<http://idrett.forbundetonline.no/krets/hordaland/utdanning/Sider/Ungdomsløftet-2013-2015.aspx>. Lest 02.05.2015
- Scott, W. R. (2008). *Institutions and organizations: Ideas and Interests* (3. utgåve). USA: Sage Publications.
- Seippel, Ø. (2002). *Idrett og sosial integrasjon*. Oslo, NO: Institutt for samfunnsforskning.
- Steen-Johansen, K. (2011). *Særforbund i en brytningstid: mellom byråkrati, kommersialisme og frivillighet*. Hanstad, D.V (Red.), Breivik, G., Sisjord, M. K. og Skaset, H. B. *Norsk idrett: Indre spenning og ytre press* (S. 241 – 259). Akilles Forlag: Oslo.

- Waldahl, R. H. (2009). *Samspill mellom idrett og kommune: Idrettsrådene – organisasjon, rolle og oppgaver*. Oslo, NO: Institutt for samfunnsforskning.
- Yin, R. (2014). *Case Study Research: Design and Methods* (5. utgåve). California, USA: Sage Publications.

## **7.0 Vedlegg**

### **7.1 Intervjuguide:**

#### **7.1.1 Idrettsråd:**

##### **Bakgrunnsinformasjon:**

- Kva rolle har du i IR?
- Kva idrettslag kjem du ifrå?
- Kor lenge har du vert med i IR? Som leiar og evt. Anna verv
- Kvifor er du engasjert i IR? Kva motiverer deg for å gjer eit slikt friviljug arbeid?
- Kva idrettsleg bakgrunn har du?
- Kva arbeid har du elles? (Teorien vil ha det til at alle leदारar i IR enten er pensjonistar eller har elastiske arbeidstider)

##### **Idrettsfeltet:**

- Kva er dei viktigaste utfordringane for idretten i kommunen?

##### **Om IR:**

- Kva oppgåver arbeider IR med?
- Korleis kjem IR fram til sine arbeidsoppgåver?
- Korleis er IR organisert? Har ein eit arbeidsutval? Kven er evt. Med i dette? Leiar? Nesteleiar?
- Har IR årsmøte årleg?
- Samarbeidar IR med andre IR?
- Deltar IR på regionale/nasjonale samlingar? IRkonferansen osv
- Kva tenker du om at IR tilsette ein administrasjon?
- Meiner du at ditt IR har eit utviklingspotensiale? Kva faktorar er det som evt. Begrensar dette?
- Kva er IR sitt syn på ein eventuell kommunereform?
- Kor ofte møtes IR? Styremøter

##### **IR sitt forhold til idrettslaga:**

- Korleis er oppslutninga frå IL?
- Korleis føreheld IR seg til IL?

- Er det samarbeid mellom IL?
- Møtes IR og IL utafor årsmøter?
- Opplever IR at alle IL brukar IR?

### **IR sitt forhold til kommunen:**

- Har IR og kommunen ei samarbeidsavtale?
- Kva er IR sin relasjon til kommunen?
- Korleis samarbeider IR med kommunen?
- Er det direkte kontakt mellom IL og kommunen? Eller går alt gjennom IR?
- Er IR representert i råd/utval i kommunen?
- Har IR ein kontaktperson i kommunen?
- I kva grad har IR gjennomslag i kommunen?
- Er IR involvert i arbeidet med kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet?

### **IR sitt forhold til idrettskretsen**

- Korleis er IR sin relasjon til IK?
- Korleis samarbeider IR med IK?
- Korleis opplever IR oppfølginga frå IK?

### **7.1.2 Kommunen:**

- Kva er dei viktigaste utfordringane til idretten i kommunen?
- IR med i diskusjonar?

### **Om kommunen:**

- Korleis føregår arbeidet med kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet?
- Tildeler kommunen drift og/eller aktivitetstilskot til IL?
- Kva type sakar arbeidar kommunen med på idrettsfeltet?

### **Kommunen sitt forhold til IR:**

- Har kommunen og IR ei samarbeidsavtale?
- Korleis er kommunen sitt forhold til IR?
- Korleis samarbeider kommunen med IR?
- Korleis er arbeidsfordelinga mellom kommunen og IR?
- Kva arbeidar IR med?
- Mottar IR pengar som skal gå til drift av IR?
- Møter nokon i kommunen IR?

- Er IR representert i råd og utval i kommunen?
- Kva synes kommunen om arbeidet IR her gjer?

**Kommunens forhold til idrettslaga:**

- Har kommunen direkte kontakt med IL?
- Støttar IL opp om IR?

**7.1.3 Idrettskrets:**

**Kretsen sitt forhold til IR:**

- Kva meiner IK er den største utfordringa for idretten i denne kommunen?
- Korleis er kretsen sitt forhold til IR?
- Korleis opplever IK at dette IR fungerer?
- Kva samarbeid har IK og IR?
- Korleis meiner IK at oppfølginga til IK av IR er?

**7.1.4 Idrettslag:**

Kva er dei viktigaste utfordringane til idretten i kommunen?

**IL sitt forhold til IR:**

- Kva veit du om idrettsråd generelt og dette IR spesielt?
- Opplever du at dette IR gjer det ein skal gjer? Meir, mindre?
- Samarbeider de med IR?
- Er de delaktige i IR? Møter på årsmøte osv.
- Kva meiner IL om arbeidet IR gjer?
  - o IR skal vere eit samordningsorgan. Det vil sei at ein skal vere ein arena for open diskusjon, der det skapast ei felles meining og interesse. Har de nokre tankar om dette?
  - o IR skal òg vere eit interesseorgan. Der ein skal fremme idretten sine ynskjer og behov til omverda. Korleis opplever de IR sitt arbeid på dette området?
  - o IR skal òg vere eit serviceorgan. Der ein skal ivareta idrettslaga og vegleie dei ved behov. Kva meiner IL om IR sitt arbeid på dette punktet?
- Er IL i direkte kontakt med kommunen? Eller går alt gjennom IR?